



DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2015

Voss, 26. januar 2016
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2015

FRAMLEGG OM KR 3,50 I UTBYTTE

Styret i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2015. Innteninga frå ordinær bankdrift er tilfredsstillande, andre inntekter er kraftig redusert i forhold til fjoråret, medan kostnadane har auka litt meir enn budsjettet for 2015. Etter IFRS-relaterte tilbakeføringar av tidlegare års bokførte nedskrivingar på finansporteføljen syner banken eit totalresultat på 22,1 mill. kr mot 24,7 mill. kr. for 2014.

Styret i banken gjer framlegg om å utbeta kr 3,50 i utbytte pr. aksje for 2015, samanlikna med kr 5,00 i fjar. Utbyttet på kr 3,50 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 39,5% og 30,1% mot totalresultatet, og gjev ein «dividend/yield-faktor» på 2,92%. Auka utdelingsforhold skriv seg frå den gode utviklinga i banken si kapitaldekning, der rein kjernekapitaldekning ved årsslutt har auka til 17,85% mot 15,52% i 2014. Ved normal årleg vekst framover og normale inntekter frå bankdrifta, vil utdelingsforholdet framover kunna halda seg på minimum 30% av totalresultatet utan reduksjon i banken sitt kapitalnivå.

Den store veksten i innskot banken opplevde i 2014 har i løpet av 2015 vorte brukt til å innfri uteståande obligasjonsgjeld utan at nye lån er teken opp. Vidare har stor konkurranse om spesielt bustadlånekundane ført til ein svakare utlånsvekst i 2015 enn det som har vore trenden dei siste åra. Den store nedgangen i andre inntekter i 2015 samanlikna med rekordåret 2014 skriv seg frå realisert tap ved avhending av resten av banken sine oljerelaterte obligasjoner, der verdifallet ved årsskiftet i fjar var bokført som nedskriving over eigenkapitalen.

Etter bokførte netto tap og nedskrivingar på utlån med 0,1 mill. kr og realisert netto tap og nedskrivingar på finansplasseringar med 9,8 mill. kr syner banken eit resultat før skatt på 23,3 mill. kr i år mot 44,4 mill. kr i 2014, ein reduksjon på 21,1 mill. kr. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer resultatet 0,61% i 2015 mot 1,18% i 2014.

Frå internasjonale og norske styresmakter er det stort fokus på å sikra trygge og solide bankar, og nye krav til kapitaldekning og likviditet er vedteke og stramma inn. Praktiseringa av dei skjerpa kapitalkrava er strengare i Noreg enn i andre land i EU, noko me opplever som ulike konkurransevilkår. Rentenivået på bustadlån har siste året vorte kraftig redusert. Dei utanlandske bankane med lågare krav til vekta eigenkapital fører ann i rentekampen om bustadlån. Konkurransen om dei beste bustadlåna har vore hard i 2015.

Banken sin kapital- og likviditetssituasjon er likevel god. Etter tilførsel av resultatet i år har banken rein kjernekapital på 347 mill. kr eller 17,85%. Netto ansvarleg kapital er 414 mill. kr, som med eit berekningsgrunnlag på 1.945 mill. kr utgjer ei samla kapitaldekning på 21,31%. Ved årsskiftet rapporterer banken ein Liquidity Coverage Ratio (LCR) på 118% godt over vedtekne minstekrav på 80%.

Gjennom vårt eigarskap i Eika-gruppen har me tilgang til alle produkt og tenester det er naturleg for oss som lokalbank å tilby. Me leverer gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort samt leasing, noko kundane set pris på. Gjennom Eika-gruppen tek me også del i den vidare utviklinga og satsinga innan digitale kundeflater som NettBank og Mobilbank.

Me bokfører netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 2015 med 69,9 mill. kr, ein reduksjon på 5,5 mill. kr i forhold til 2014. Rentenettoen i 2015 er 1,83% av gjennomsnittleg rådveldekapital, som er ein reduksjon frå 2,01% i 2014. Netto provisjonsinntekter er i 2015 auka med 2,3 mill. kr til 5,5 mill. kr, eller 0,15% av gjennomsnittleg rådveldekapital.

På aksjar og rentefond har banken i år samla inntektsført netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar med 1,1 mill. kr, mot 6,7 mill. kr i fjor. Av inntektsføringa i fjor kom 5,5 mill. kr som ekstraordinær realisert vinst ved sal av aksjane i Nets Holding AS.

På obligasjonar har banken i år bokført nedskrivingar og realisert tap med samla 9,5 mill. kr mot inntektsføring på 4,6 mill. kr i fjor. Tidlegare bokførte nedskrivingar på obligasjonar som no er realisert med tap er tilbakeført, og fører til inntektsføring av verdiendring på obligasjonar over eigenkapitalen i år med 5,2 mill. kr.

Det samla realiserte tapet på obligasjonar i år på 8,8 mill. kr kjem frå tidlegare års investeringar i obligasjonar i Seabird Exploration og Norwegian Energy Company til ein samla kostpris på 15,6 mill. kr. Ved årsskiftet 2014 – 2015 var desse investeringane bokført til verkeleg verdi på 6,1 mill. kr, ved nedskriving over eigenkapitalen med 9,5 mill. kr. Realisert tap er ført i resultatrekneskapen og tidlegare bokførde nedskrivingar er tilbakeført over eigenkapitalen. Etter sal av desse restpostane har banken ikkje lenger investeringar i oljeretta papir.

Totale driftskostnader er auka med 2,8 mill. kr frå 44,3 mill. kr i 2014 til 47,1 mill. kr i 2015. Kostnadsauken er om lag 0,6 mill. kr større enn budsjettet. Framleis ligg det inne 4 mill. kr i ekstra avskrivingskostnader knytt til konverteringa til Eika sitt IT system i 2012. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane i 2015 1,23% mot 1,18% i 2014.

På grunn av reduksjonen i brutto utlån på eiga bok, og nedgang i misleghald er nedskrivingar på utlån og garantiar redusert i 2015. Banken kostnadsfører i 2015 nedskrivingar på utlån og garantiar med 0,1 mill. kr, mot 4,5 mill. kr i 2014. Konstaterte tap i 2015 utgjer 1,1 mill. kr, mot 1,0 mill. kr i 2014.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 1,73% til 1,72%. Styret føler seg trygg på at nedskrivingane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Banken har ikkje engasjement innanfor petroleumsrelaterte næringar, og banken sine privatkundar er så langt lite råka av innskrenkingar i slike næringar. Samla individuelle nedskrivingar på utlån utgjer 0,94% av brutto utlån, i tillegg utgjer gruppevise nedskrivingar 0,60%.

Resultatet for rekneskapsåret 2015 fører til at banken styrker eigenkapitalen med 16,8 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 360,1 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 21,31%.

Ved børsslutt 31.12.15 var kurseren på banken sine aksjar 120 kr. Børskursen ved inngangen til 2015 kr 119. Resultat i år utgjer kr 8,84 pr. aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 190 kr.

Aktiviteten i Voss og omland held seg stadig oppe på eit høgt nivå. Reiselivet har hatt ein fin vekst i 2015, og Voss har framleis ein god posisjon som handelssentrum i Indre Hordaland. Me kan vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom i

bygda. Store fylkeskommunale og kommunale investeringar i nye skulebygg gjev godt med arbeid og høg aktivitet i bygda vår. Omstillinga som styresmaktene seier me må gjennom, frå oljerelatert til nye vekstkraftige næringar, nemner spesielt satsing på reiseliv som viktig framover. Her ligg mykje til rette for at Voss med vår unike plassering blant fjord og fjell skal kunna ta del i denne utviklinga. Banken har difor engasjert seg i satsinga Voss Resort er i gang med for å få realisert ny Hangursbane. Me vonar at dei storstilte planane om ny skysstasjon med direkte overgang til gondolbane og stor utbygging av ny hotellkapasitet kjem i gang alt i løpet av sommaren 2016.

For å stimulera til omstilling og framtidsretta investeringar håper vi at styresmaktene vil halde fram den store satsinga på samferdselsprosjekt dei har signalisert. Vedtaket frå samferdselsdepartementet i desember om å gå inn for K5 som løysing for strekninga mellom Bergen og Voss gler oss stort. At departementet alt no vel å signalisera at utbygginga skal skje ved hjelp av statleg plan lover godt, og kan spa samfunnet for mange og lange år med konfliktar mellom involverte kommunar for å verta samde om framtidige trasear. Felles planlegging og bygging av gode samferdselsprosjekt byggjer landet vårt og vil bidra til vidare vekst, investeringar og optimisme i regionen utbygginga skjer. Ei slik felles utbygging av både jernbane og veg, utanfor eksisterande trasear, er etter vårt syn ei kostnadseffektiv god satsing, og me vonar at fylkesmann Lars Sponheim sine tankar om dobling av folketalet på Voss innan 2030 skal slå til. Med ei trygg og raskare reisestrekning til Bergen, og med store områder ferdig planlagd for bustad- og næringsareal vil Voss vera ein attraktiv plass for å kunna avlasta Bergensområdet med bustadbygging i rein og fri natur.

Gjennom eigarskapen i Eika-gruppen har banken tilgang til konkurransedyktig bustadfinansiering med både flytande og fast rente gjennom Eika Boligkreditt AS. Banken har mogelegeheter til å kanalisere framtidig utlånsvekst gjennom denne kanalen, og har soleis eit godt alternativ til ekstern finansiering.

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2015

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for året på 23,3 mill. kr, ein reduksjon på 21,1 mill. kr i forhold til fjoråret. Resultatet tilsvavar 0,61% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 1,18% i fjor. Totalresultatet pr. 31.12 i år er på 22,1 mill. kr mot 24,7 mill. kr i fjor. Den store nedgangen i resultatet i år skuldast i hovudsak lågare netto renteinntekter, noko høgare kostnader og realisert tap på obligasjoner i år mot ekstraordinær vinst på anleggsaksjer og obligasjoner i fjor.

I 4. kvartal i år bokfører banken eit resultat før skatt på 9,3 mill. kr, ein auke på 2,1 mill. kr i forhold til 4. kvartal i fjor. Resultatet er 0,98% av gjennomsnittleg rådveldekapital i kvartalet (GFK) mot 0,74% i fjor. Etter skatt er resultatet i 4. kvartal 6,6 mill. kr (0,70%) mot 5,2 mill. kr (0,55%) i fjor. Auken i kvartalet kjem frå betre netto renteinntekter og auke i andre inntekter.

RENTEMARGIN

I 4. kvartal bokfører banken netto renteinntekter på 18,4 mill. kr, ein auke på 1 mill. kr i forhold til 4. kvartal i fjor. Rentemarginen i 4. kvartal er på 1,94% mot 1,78% for 4. kvartal i fjor. For året sett under eitt er rentemarginen 1,83% mot 2,01% for 2014.

Banken gjennomførte i juni og desember endring av rentene. Dette vil styrkja marginen vidare framover.

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 4. kvartal har banken kostnadsført 0,1 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond, mot 0,5 mill. kr i 4. kvartal i 2014.

På obligasjoner har banken i 4. kvartal bokført nedskrivingar på 0,7 mill. kr mot nedskriving på 0,1 mill. kr i 4. kvartal i 2014.

DRIFTSKOSTNADER

I 4. kvartal i år er driftskostnadane på 12,1 mill. kr som er om lag det same som for 4. kvartal i fjor. Driftskostnadane er om lag som budsjettet. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,28% i år mot 1,25% i fjor.

Samla driftskostnader i år er på 47,1 mill. kr (1,23%) mot 44,3 mill. kr.(1,18%) for 2014.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 4. kvartal har banken konstatert tap på utlån på 0,2 mill. kr. Konstaterte tap for året er på 1,1 mill. kr. Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av året er på 54,5 mill. kr, ein reduksjon på 1,8 mill. kr frå i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 1,72 % i år, mot 1,73% ved utgangen av 2014. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅVELDEKAPITAL

I 4. kvartal er rådveldekapitalen redusert med 63 mill. kr, eller 1,66 %, til 3.751 mill. kr. Banken har med bakgrunn i den store innskotsveksten i 2014 i år innløyst 335 mill. kr i sertifikat- og obligasjonsgjeld utan å ta opp nye lån.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen redusert med 283 mill. kr, eller 7,01%.

INNSKOT

I 4. kvartal er innskota redusert med 46 mill. kr mot ein auke på 178 mill. kr i 4. kvartal i fjor. Siste 12 månadarane har innskota auka med 65 mill. kr, eller 2,29%.

Pr. 31.12.15 har banken ei innskotsdekning på 91,7% av brutto utlån, mot 87,5% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken har i 4. kvartal hatt ein auke i utlån på eige bok på 2,4 mill. kr. I kvartalet har banken formidla lån via Eika Boligkreditt AS med 26 mill. kr, slik at samla auke i utlåna i kvartalet vert 30 mill. kr eller 0,9%.

Pr. 31.12.15 er brutto utlån til kundar 3.175 mill. kr, mot 3.251 mill. kr pr. 31.12.14. Dette utgjer ein reduksjon dei siste 12 månadane på 76 mill. kr eller 2,3%. Når overførte nye utlån til Eika Boligkreditt AS vert teken med, er samla utlånsreduksjon siste 12 månader på 3 mill. kr eller 0,1%.

Av samla utlån ved kvartalsskiftet er 2.604 mill. kr (82,0%) til personkundar og 571 mill. kr (18,0%) til næringskundar.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.911 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 567 mill. kr eller 19,5%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene.

Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 118% berekna etter nye forskrifter.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 414,5 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 21,31 % etter at resultatet i år er disponert.

Kjernekapitalen er 371,7 mill. kr, eller 19,11%. I høve til minimumskrava er overdekninga 254,6 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 347,1 mill. kr, eller 17,85%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Namn	Andel	Beholdning
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	8,16 %	155.020
MP PENSJON PK	4,76 %	90.526
AS FLU	4,13 %	78.477
AUGUST RINGVOLD AGEN	2,46 %	46.771
PROFOND AS C/O A.G. REGNSKAP A	1,53 %	29.000
BERGEN KOMMUNALE PEN	1,42 %	27.000
BJØRKEHAGEN AS	1,37 %	25.980
FANA SPAREBANK	1,21 %	23.000
SKOGBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOS	0,93 %	17.700
NOTOV AS	0,85 %	16.090
WERGELAND HOLDING AS	0,84 %	16.000
NORDNET LIVSFORSIKRI	0,67 %	12.820
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
LANGMYHR TRYGVE	0,63 %	12.000
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,63 %	12.000
HAUKÅS KONSULENTENE	0,63 %	12.000
GJØSTEIN IVAR	0,60 %	11.420
Sum for dei 20 største eigarane	43,62 %	828.804
Øvrige eigarar	56,38 %	1.071.196
Totalt utstedte aksjar	100,00 %	1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr 189,51
Børskurs ved utgangen av 4. kvartal var : kr 120,00

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPrINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2016

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden. Konkuransen i rentemarknaden er hard. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i 1. kvartal har stabilisert seg, og rentemarginen etter 4. kvartal er auka til 1,83% frå 1,64% i fyrste kvartal. Renteendringar og innføring av gebyr frå midten av 2015 på manuelle betalingstenester har styrkt banken si inntening. Formidling av nye lån via Eika Boligkreditt og utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, vil styrkja banken sitt inntektsgrunnlag framover. Styret håper optimismen som er skapt ved valet av K5 som utbyggingsløysing for strekninga Voss – Bergen vil føra med seg vidare positiv utvikling i bygda med vekst i folketal, ny bustadbygging og vilje til nyinvesteringar i lokalt næringsliv.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2015 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærliggande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

	4. kv 2015	4. kv. 2014	31.12.15	Alle tal i heile NOK 1.000 31.12.14	31.12.13
Renteinntekter og liknande inntekter	30.605	37.769	128.907	156.305	150.798
Rentekostnader og liknande kostnader	12.169	20.318	59.020	80.882	76.853
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter	18.436	17.451	69.887	75.423	73.945
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	-756	391	1.449	2.063	1.108
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.552	1.826	9.165	6.897	5.511
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-942	-889	-3.632	-3.630	-3.232
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	2.201	1.251	-6.541	12.375	482
Andre driftsinntekter	40	78	188	97	105
Sum andre inntekter	3.095	2.657	629	17.802	3.974
Sum netto inntekter	21.531	20.108	70.516	93.225	77.919
Personalkostnader	4.952	6.266	18.953	19.756	20.354
Administrasjonskostnader	4.510	2.902	16.741	13.112	13.344
Ordinære avskrivningar	1.743	1.745	6.977	6.928	6.599
Andre driftskostnader	956	1.310	4.424	4.514	4.197
Sum kostnader	12.161	12.223	47.095	44.310	44.494
Resultat før tap	9.370	7.885	23.421	48.915	33.425
Tap på utlån, garantiar m.v.	41	649	77	4.508	3.222
Nedskriving/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0		0	0	0
Netto tap og avskrivinger	41	649	77	4.508	3.222
Resultat før skatt	9.329	7.236	23.344	44.407	30.203
Skatt på ordinært resultat	2.731	1.951	6.547	10.482	7.411
Resultat for rekneskapsåret	6.598	5.285	16.797	33.925	22.792
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	46	-4.584	7.257	-12.489	2.159
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-21	1.739	-1.991	3.271	-534
Sum andre postar	25	-2.845	5.266	-9.218	1.625
Totalresultat	6.623	2.440	22.063	24.707	24.417
Resultat pr. aksje	3,47	2,78	8,84	17,86	12,00
Utvatna resultat pr. aksje	3,47	2,78	8,84	17,86	12,00

BALANSE

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar
 Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar
 Netto utlån og fordringar på kundar
 Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande
 verdipapir med fast avkastning
 Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning
 Immaterielle eignelutar
 Finansielle derivat
 Varige driftsmidlar
 Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og
 opptente ikkje mottekte inntekter

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.12.15	31.12.14	31.12.13
	76.637	71.388	102.942
	93.817	222.017	31.352
	3.126.643	3.201.814	3.020.152
	307.966	275.298	270.437
	92.665	202.035	51.237
	7.998	11.998	15.997
	5.198	5.781	514
	33.551	35.703	37.865
	7.034	8.210	10.109
SUM EIGNELUTAR	3.751.509	4.034.244	3.540.605

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kreditinstitusjonar
 Innskot frå og gjeld til kundar
 Obligasjons- og sertifikatgjeld
 Finansielle derivat
 Utsett skatt
 Anna gjeld
 Påløpne kostnader og mottekte ikkje opptente inntekter
 Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar
 Ansvarleg lånekapital
Sum gjeld

0	0	0
2.910.521	2.845.313	2.350.749
377.210	713.258	741.525
0	0	674
2.744	373	2.531
13.156	23.848	15.791
7.665	9.797	9.552
2.000	3.009	6.638
78.159	90.768	85.000
3.391.455	3.686.366	3.212.460

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)
 - Behaldning eigne aksjar

9.500	9.500	9.500
-43	-11	-19

Sum innskoten eigenkapital

9.457	9.489	9.481
-------	-------	-------

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital

350.597	338.389	318.664
---------	---------	---------

Sum opptent eigenkapital

350.597	338.389	318.664
---------	---------	---------

Sum eigenkapital

360.054	347.878	328.145
----------------	---------	---------

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.751.509	4.034.244	3.540.605
------------------	-----------	-----------

Garantiansvar

105.362	122.846	75.746
---------	---------	--------

Pantsetjingar

111.057	102.778	70.310
---------	---------	--------

Eigenkapitaldekning

21,31 %	19,47 %	18,99 %
---------	---------	---------

Gjennomsnittleg rådveldekapital

3.828.829	3.756.540	3.467.884
-----------	-----------	-----------

Voss, 26. januar 2016

Styret i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel

Styreformann

Åse-Karin Tennebekk

Stein Kvarekval

Olav Seim

Johanna R. Sølyberg

Einar Larsen

banksjef

ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året
 Utbetalt utbytte førre år
 Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal
 Kjøp / sal eigne aksjar
 Resultat i perioden
Eigenkapital ved periodeslutt

	31.12.15	31.12.14	31.12.13
	347 878	328 145	308 050
Utbetalt utbytte førre år	-9 500	-5 035	-4 275
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	5 266	-9 218	1 625
Kjøp / sal eigne aksjar	-387	61	-47
Resultat i perioden	16 797	33 925	22 792
Eigenkapital ved periodeslutt	360 054	347 878	328 145

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar
 Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar
 Andre innbetalingar
 Driftsutbetalingar
 Inngått på tidlegare avskrivne konstaterete tap
 Utbetalt utbytte
 Betalte skattar
Tilført fra verksemda
 Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar
 Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar
 Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kreditinstitusjonar
 Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld
 Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar
 Auke (-) / reduksjon (+) i kortskiktige verdipapir
 Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kreditinstitusjonar
 Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld
 Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital
 Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar
Netto kontantstraum fra dagleg finansiell verksemd
 Investert i varige driftsmidlar
 Investert i immaterielle eigne lutar
 Avgang varige driftsmidlar, til salssum
 Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir
Netto kontantstraum fra investeringar
 Netto endring likvidar
 Likviditetsbeholdning ved inngangen til året
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt

	Alle tal i NOK 1 000		
	2015	2014	2013
	144 222	156 538	158 796
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar	-65 264	-84 697	-80 436
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar	2 359	5 268	2 504
Andre innbetalingar	-40 023	-34 760	-36 596
Driftsutbetalingar	84	35	86
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterete tap	-9 500	-5 035	-4 275
Utbetalt utbytte	-9 343	-7 719	-7 705
Betalte skattar	22 535	29 630	32 374
Tilført fra verksemda	75 009	-186 203	-217 024
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	65 208	494 564	112 346
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	0	0	1
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kreditinstitusjonar	-336 048	-28 266	29 947
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	- 648	132	- 59
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	84 140	-159 271	-8 578
Auke (-) / reduksjon (+) i kortskiktige verdipapir	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kreditinstitusjonar	-12 473	6 517	-4 250
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-10 000	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	- 713	213	- 83
Netto kontantstraum fra dagleg finansiell verksemd	-135 525	127 686	-87 701
Investert i varige driftsmidlar	- 825	- 767	-4 581
Investert i immaterielle eigne lutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	3	301
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-9 136	2 559	2 560
Netto kontantstraum fra investeringar	-9 961	1 795	-1 720
Netto endring likvidar	-122 951	159 111	-57 047
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	293 405	134 294	191 341
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	170 454	293 405	134 294

Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:

Kontantar og fordringar på sentralbankar
 Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt

Note 1 Tap og misleghald

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivingar
 Endring i gruppevisе nedskrivingar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

	Alle tal i heile NOK 1.000	
	31.12.15	31.12.14
-916	2.514	534
0	1.000	500
972	1.025	2.078
105	4	196
-84	-35	-86
77	4.508	3.222

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivingar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivingar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

20.679	19.856	20.434
5.224	4.925	2.503
15.455	14.931	17.931
63.617	67.197	79.117
24.563	25.778	25.687
39.054	41.419	53.430
54.509	56.350	71.361

SPESIFIKASJON NETTO UTLĂN

Brutto utlân

Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevisе nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlân til kundar

3.175.506	3.251.593	3.066.418
-29.787	-30.703	-28.190
-19.076	-19.076	-18.076
3.126.643	3.201.814	3.020.152

Note 2 Kapitaldekning

	31.12.15		31.12.14		31.12.13
	Bereknings-grunnlag	Kapital-krav	Bereknings-grunnlag	Kapital-krav	Bereknings-grunnlag
Lokale og regionale styresmakter	18.493	1.479	9.623	770	0
Institusjonar	34.130	2.730	60.493	4.839	32.014
Føretak	238.823	19.106	274.423	21.954	405.540
Massemarknad	4.070	326	3.430	274	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.232.425	98.594	1.303.837	104.307	1.228.888
Forfalne engasjement	11.917	953	19.447	1.556	20.710
Obligasjonar med fortrinnsrett	9.922	794	10.307	825	5.522
Andelar i verdipapirfond	47.942	3.835	141.262	11.301	3.915
Eigenkapitalposisjonar	39.313	3.145	33.930	2.714	0
Andre engasjement	148.147	11.852	189.739	15.179	183.841
Sum kreditrisiko	1.785.182	142.815	2.046.491	163.719	1.880.430
Operasjonell risiko	154.379	12.350	135.581	10.846	135.137
Frådrag for gruppevisе nedsrivingar	0	0	0	0	-18.076
CVA risiko, motpartsrisiko	5.800	464	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag	1.945.361	155.630	2.182.072	174.566	1.997.491
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500
- eigne aksjar	-43		-11		-19
Sum opptent eigenkapital	343.950		338.389		291.533
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-5.839		-8.759		-15.997
Frådrag	-401		-477		0
Rein kjernekapital	347.167	17,85	338.642	15,52	285.017
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	38.159		40.768		35.000
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	-3.159		-5.768		0
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-10.500		-		0
Kjernekapital	371.667	19,11	373.642	17,12	320.017
Fond for unrealiserte verdiendringar	3.895		1.240		9.308
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40.000		50.000		50.000
Ansvarleg lånekapital ikkje kvalifisert som tilleggskap.	-1.093		0		0
Sum tilleggskapital	42.802	2,20	51.240	2,35	59.308
Netto ansvarleg kapital	414.469	21,31	424.882	19,47	379.325
					18,99

Note 3 Utlån og innskot fordelt på sektor næringar

	Utlån			
	31.12.15	Fordeling	31.12.14	Fordeling
Personkundar	2.603.762	82,00	2.518.016	77,44
Offentleg forvaltning	9.345	0,29	9.848	0,30
Finansielle foretak	4.141	0,13	33	0,00
Jord- og skogbruk	24.254	0,76	24.767	0,76
Industri og bergverksdrift	46.330	1,46	51.234	1,58
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	81.544	2,57	104.441	3,21
Varehandel, hotell og restaurant	67.735	2,13	97.260	2,99
Transport og kommunikasjon	35.091	1,11	68.110	2,09
Forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift	238.361	7,51	295.691	9,09
Tenesteytande næringar elles	64.943	2,05	82.193	2,53
Sum brutto utlån	3.175.506	100,00	3.251.593	100,00

	Innskot			
	31.12.15	Fordeling	31.12.14	Fordeling
Personkundar	2.072.882	71,22	1.971.613	69,29
Offentleg forvaltning	86.362	2,97	102.673	3,61
Finansielle foretak	49.256	1,69	57.155	2,01
Jord- og skogbruk	11.448	0,39	9.094	0,32
Industri og bergverksdrift	37.337	1,28	30.166	1,06
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	103.673	3,56	92.741	3,26
Varehandel, hotell og restaurant	108.957	3,74	102.110	3,59
Transport og kommunikasjon	96.796	3,33	100.617	3,54
Forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift	135.114	4,64	126.786	4,46
Tenesteytande næringar elles	208.696	7,17	252.358	8,87
Sum innskot	2.910.521	100,00	2.845.313	100,00

Note 4 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar

	4. kv. 2015	4. kv. 2014	31.12.15	31.12.14	31.12.13
Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjoner og andre renteberante verdipapir	-690	-125	-9.525	4.592	398
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning	609	78	-348	4.675	-1.207
Netto verdiendring på valuta og fin.derivat	2.282	1.298	3.332	3.108	1.291
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	2.201	1.251	-6.541	12.375	482

Note 5 Endring i Verdipapirgjeld

	Balanse 01.01.15	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 31.12.15
Serifikatgjeld	100.000	0	-100.000	0	0
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	610.000	0	-234.500	0	375.500
Underkurs / overkurs	3.258	0	0	-1.548	1.710
Sum verdipapirgjeld	713.258	0	-334.500	-1.548	377.210

Note 6 Endring i ansvarleg lånekapital og fondsobligasjoner

	Balanse 01.01.15	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 31.12.15
Ansvarleg lånekapital	50.000	40.000	-50.000	0	40.000
Fondsobligasjon	35.000	0	0	0	35.000
Verkeleg verdijustering	5.768	0	0	-2.609	3.159
Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon	90.768	40.000	-50.000	-2.609	78.159